

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 16/19067

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

01.07.2016

## DRØMMEHAGEN BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR M.V.

Den 1.7.16 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Drømmehagen barnehage.

Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

Dagleg leiar Torill Seliussen møtte for verksemda.

Rapporten omhandlar merknad som vart avdekka.

### ► **Heimel**

Det følgjer av § 9 i lov om folkehelsearbeid at kommunen skal føre tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til einkvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse.

Vidare grunnlag for tilsynet er *forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

#### **Definisjonar:**

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsatt i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje omfattas av definisjonen for avvik.

---

#### **Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### **Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

## ➤ Tilsyn

Drømmehagen barnehage er ei privat barnehage som er godkjent for 172 barn over 3 år. Barnehagen har pr. d.d. 148 barn, der 56 er under 3 år og 92 er over 3 år.

Netto leike- og opphaldsareal er på 690 m<sup>2</sup>.

Tal barn i barnehagen justerast i forhold til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

Drømmehagen barnehage har etablert internkontrollsystem for miljøretta helsevern.

**Det vart ved tilsynet avdekka 0 avvik og 1 merknad.**

- **Merknad: Barnehagen manglar oversiktleg vedlikehaldsplan**

§§ 6, 7 og 13; Godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Barnehagen har serviceavtalar for tekniske anlegg og vedlikehald vert godt utført. Barnehagen har tilsett vaktmeister 3 dagar pr. veke. Barnehagen manglar ei oversiktleg vedlikehaldsplan.

Kommentar:

Barnehagen bør ha ei oversiktleg vedlikehaldsplan.

## ➤ Tilbakemelding på tilsynsrapporten

Det er i rapporten beskrive 1 merknad.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når oversiktleg vedlikehaldsplan er oppretta.

Med helsing

Tord Moltumyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

### Kopi til:

Meland kommune

- Rådmann
- Utval for levekår
- Komm. avd. for kultur og oppvekst/barnehagekons.